



Årsmelding 2024 Luster eldreråd

Dat. 17.03.2025

Eldrerådet har hatt denne samansetjinga i 2024:

Medlemer

Jan Kåre Norberg (leiar)
Alf Henning Evjestad, nestleiar
Liv Helen Nystuen
Marta Marie Bukve
Inger Beate Dalheim
Sigfred Haugen
Arne Midtun

Varamedlemer:

1. Erling Kvalsøren
2. Astrid Martinsen
3. Wilfred Pedersen
4. Else Marie Øvrebø

Observatør frå kommunestyret:

Varaordførar Geir Arve Sandvik
Personleg varamedlem: ordførar Andreas Wiese

Sekretær for rådet: Anita Bjørk Ruud

Leiar i Luster pensjonistlag, Malvin Moen, har vore invitert til møta i råda for å få informasjon med attende til pensjonistlaget. Eldrerådet ser det som nyttig samhandling med pensjonistlaget. Malvin Moen har ikkje delteke på alle møta.

Besøksadresse

Rådhusvegen 1
luster.kommune.no
6866 Gaupne
968 241

Postadresse

Postboks 77
6868 Gaupne

Sentralbord

tlf. 57 68 55 00
post@luster.kommune.no

org.nr. 964

Rådet har i 2024 hatt 6 møte og handsama 34 saker.

Som innarbeida rutinar har rådet for personar med funksjonsnedsetting og eldrerådet også i 2024 hatt fellesmøte der fleire i administrasjonen har delteke og informert om aktuelle saker og tema råda har etterspurt. Råda har vore samla i plenum på føremiddagen og hatt møte kvar for seg etterpå, med kvar sin sekretær.

Eldrerådet er svært nøgde med informasjonen frå administrasjon, og reklamerer for ordninga i samlingar med andre kommunar.

Forutan å vera eit rådgjevande organ kan rådet ta opp saker på eige initiativ.

Tidspunkt for møte og saksdokument er å finne på kommunen si nettside.

Rådet er forankra i Kommunelova § 5-12 og Forskrift om medvirkningsordning §3.

Eldrerådet har i 2024 vedteke desse satsingsområda/arbeidsplan:

- Helse- og omsorg mot 2030
- Oppfølging av Stortingsmeldingane nr. 15 Leve Heile Livet og nr. 24 Fellesskap og meistring - Bu trygt heime
- Seniorbustader
- Transportordningar
- Digital opplæring for eldre, møte velferdsteknologi
- Gode og varierte møteplassar og aktivitetar i heile kommunen for å hindre einsemd
- Samarbeid med lag og organisasjonar
- Arrangere eldredag

Ulike saker administrasjonen har informert om:

- Helse og omsorg mot 2030, råda er referansegrupper. Informasjon gjennom heile året.
- Status i helse, pleie og omsorgstenesta
- Eldrekoordinator, førebyggjande samtale mm.
- Hjelpemiddelordninga
- Kommuneplanen sin arealdel og fleire planar
- Årsrapport, rekneskap, budsjett, driftsanalyse og rekrutteringsutfordringar
- Digital opplæring
- Politisk frivilligerklæring
- Folkehelseoversikt og folkehelseprofil 2024
- Aktivitetshall Hafslø, eigenberedskap, val 25.

Saker eldrerådet har gjeve uttale i:

- **Helse- og omsorg mot 2030:** I samband med informasjon om prosjektet har eldrerådet har oppmoda om at det i prosjektet blir vurdert at par som ynskjer det skal få bu i lag. Rekruttering og transportutfordringar må vurderast i prosjektet. Leiar i rådet har delteke på innsiktsmøte saman med fleire involverte, og blitt intervjuet i denne fasen.

- **Konseptrapport Helse og omsorg, svar på spørsmåla i høyringa:**
 1. Støtter høyringsinstansane det overordna retningsvalet om samlokalisering av alle institusjonsplassar, inkludert demensomsorg i eit nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne? Ja.
 2. Kva fordeler og ulemper ser høyringsinstansane ved ei slik samlokalisering?



Fordeler:

- forventar at det er lettare å rekruttere fagpersonell
- pasientar slepp å bli flytta ut frå tenestebehov
- forenkler drifta når alt er på ein stad

Ulemper:

- store einingar kan opplevast for store
- store kostnader å investere og drifte, men rådet ser at det kan bli endå dyrare å oppretthalde tre senter.

3. Kva omsyn bør ha særskilt fokus i den vidare utviklinga av nytt helse og omsorgssenter?

Eldrerådet meiner at kommunen bør bygge alt i eitt byggesteg. Teknologisk utstyr må prioriterast inn i senteret frå oppstart.

4. Er det andre overordna omsyn knytt til utviklinga av helse- og omsorgstenestene i kommunen som bør takast i betraktning?

Det er viktig å oppretthalde gode dagtilbod, aktivitetstilbod og mattilbod for dei som bur i omsorgsplass/omsorgsbustad i Hafslo, Luster og Gaupne. Meir samarbeid med frivillige i transporttenesta i dei legste trinna i omsorgstrappa. Planlegge for parkering for tilsette og besøkande både i helse- og omsorgsdelen av senteret på oversida av vegen, om nødvendig i parkeringskjellar. Eldrerådet er opptekne av at det er att grøntareal/sansehagar rundt bygget. Det er viktig for trivsel for dei som bur der, tilsette og besøkande.

- **Områdeplan Hafslo og kommuneplanen sin arealdel**

I begge sakene rår eldrerådet til at det blir lagt til rette for bustader for eldre og uføre i sentrum, både for kjøp og leige.

- **Aktivitetshall Hafslo.** Eldrerådet er positive til alternativet for fleirbruk.

- **Kommunal transportplan.**

Ingen merknad.

- **Budsjett/økonomiplan**

Eldrerådet er positive til at formannskapet no føresler rabatterte prisar i Lustrabadet på organiserte treningar gjennom lag og organisasjonar.

Eldrerådet meiner at Luster kommune bør tilsette ein musikkterapeut i helse- og omsorgstenesta.

Eldrerådet har registrert i statsbudsjettet at mva-reduksjon på vatn og avløp skulle komme innbyggjarane til gode, og er difor kritiske, og stiller spørsmål ved kommunen sin prisjustering av desse avgiftene.

Andre saker eldrerådet har handsama/engasjert seg i:

- **Digital opplæring.** Eldrerådet har fått informasjon om opplæringstilbod arrangert i samarbeid med Luster pensjonistlag.

For at fleire skal klare seg sjølve heime så lenge som mogleg, og kunne møte framtida med velferdsteknologi, vil eldrerådet tilrå at kommunen prioriterer digital opplæring på lågterskelnivå til innbyggjarane. Eldrerådet viser m.a til Stortingsmelding nr. 24 Fellesskap og meistring, bu trygt heime som omhandlar både digital kompetanse, aldersvenleg digitalisering og digitalisering og velferdsteknologi. Eldrerådet oppmodar om å søkje om prosjektmidlar til digital opplæring.

Eldrerådet vil ha tilbakemelding på kva planar som finst for bruken av ikt-millionen som er løyvd til Sogndal kommune på vegner av fleire kommunar i Sogn. For å møte framtidig bruk av velferdsteknologi, kunne kommunisere og ta imot digital informasjon er det viktig å få med seg alle, og tilby digital opplæring. Kva planar har Luster kommune for ikt-opplæring framover?

Besøksadresse

Rådhusvegen 1

luster.kommune.no

6866 Gaupne

968 241

Postadresse

Postboks 77

6868 Gaupne

Sentralbord

tlf. 57 68 55 00

post@luster.kommune.no

org.nr. 964



- Eit av punkta i arbeidsplanen er **samarbeid med lag og organisasjonar**. Eldrerådet har merka seg honnør til frivillig innsats og uttalar om kor viktig frivillig innsats blir framover også, på fleire område i kommunen. Kommunestyret har nyleg vedteke politisk frivilligerklæring. Eldrerådet noterte seg innlegg frå kommunestyrerepresentant Liv Endresen om kor viktig det er å få på plass frivilligkoordinator. Eldrerådet ynskjer å bli informerte om, og tekne med på råd, i oppfølginga av kommunestyret sitt vedtek om frivilligerklæringa.
- Eldrerådet er framleis relativt nyvalde og **informasjonssøkande**, og ber om at dei ved høve kan få informasjon om korleis måltida på omsorgssentra i kommunen vert organisert. Eldrerådet er også interesserte i informasjon om kva kulturtilbod om finst for eldre, og kva tilskotsordningar kommunen har/formidlar til lag og organisasjonar som har kulturtilbod/møteplassar for eldre.
- **Informasjon** Eldrerådet har prioritert å presentere seg i Lustranytt og på eldredagen, og informerte om sine satsingsområde. Dei oppmoda også innbyggjarar om å kontakte eldrerådet om det er saker dei vil eldrerådet skal jobbe med.

Arrangement og deltaking

- Eldrerådet arrangerte eldredag på Eikum hotell 1. oktober. Arrangementet er eit samarbeid med Folkeakademiet. Underhaldning av Steinar Engelbrektsen m/duo, informasjon om Helse og omsorg mot 2030 v/kommunalsjef John Olaf Røhme, politisk informasjon av ordførar. Tradisjonell servering med gryterett, kaffi og blautkake. 130 deltakarar.
- Eldrerådet har gjennomført digitalt kurs; Velkomen som medlem i eldrerådet, og har i fellesskap drøfta ulike tema i kurset.
- Eldrerådet har hatt deltakarar på kurs i Førde.
- Det har ikkje vore arrangert regionmøte for eldreråda i 2024, men Luster eldreråd har sendt oppmoding til nabokommunar om å kome i gang att med ordninga. I 2025 har Aurland invitert til regionmøte.